

Dato:
26.03.21

Saka gjeld: NOU 2020: 15 (2020). Det handler om Norge – bærekraft i hele landet

Ryfylke IKS er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.1.1999 nr. 6, med kommunane Suldal, Hjelmeland, Strand, Forsand og Sauda som deltakarar. Etter kommunereforma har delar av Forsand gått inn i Sandnes kommune, som nå er med i samarbeidet. Andre kommunar har høve til å søkja medlemskap. Føremålet med selskapet er å styrkja regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Ryfylkerådet – ordførarane og kommunedirektørane i eigarkommunane – er selskapets operative eigarar. Kommunane vil, med denne høyringsuttalen, gi ei samla tilbakemelding på invitasjon til høyring. Tilbakemeldinga vart formelt behandla i Ryfylkerådet 14.04.20021.

Ryfylkekommunane – ei stabil utvikling

Rogaland har dei siste femti åra meir enn dubla folketalet sitt (475 000). Ser me på tala for Ryfylke, eit areal like stort som resten av Rogaland, har talet stått stille. Utviklinga framover viser ein tilnærma lik utvikling som åra ein har lagt bak seg.

	Sauda	Suldal	Hjelmeland	Strand
Innbyggjartal 2020	4563	3786	2577	13029
Innbyggjartal 2050*	- 350	-130	+ 60	+ 904

*Framskriving frå SSB

Regionalt samarbeid - Ryfylke er Ryfylke

Som utvalet peikar på legg offentlege styresmakter (fylke og stat) i alt for stor grad føringar som har konsekvensar for distrikta, som om alle regionane er like med felles næringsgrunnlag og like utfordringar. Slik er det ikkje. Styresmaktene må, slik meldinga legg føringar for, gje regionane større råderett og ansvar over statlege og fylkeskommunale oppgåver som skal bidra til nærings- og kompetanseutvikling. Å la regionane prøve ut og etablere ordninga som er tilpassa lokale forhold er viktig.

Infrastruktur – knyte Ryfylke saman

Infrastruktur er svært viktig for ei positiv utvikling for Ryfylke.

Ein god og trygg stamveg (RV 13 mellom Nord-Jæren og Vestland fylke), rassikring av Rødsliane og ferdigstilling av Ryfylkepakken (Saudatunnel) er viktig for næringsliv og busetjing, men og for den store auken i gjennomgangstrafikk aust-vest og nord-sør som

indre trase på Vestlandet. Betre og tryggare vegar gir oss og større bu- og arbeidsregionar, og aukar potensialet for regionsforstørring. For Ryfylkekommunane er hurtigbåttilbodet avgjerande viktig for skule- og utdanning, arbeidspendling og for næringslivet. Ein reduksjon i hurtigbåttilbodet slik det er lagt opp til i fordelingsnøkkel for hurtigbåtar, er direkte i strid med tilrådingane frå utvalet som står bak rapporten. Rapporten peiker på viktigheita av eit brukartilpassa kollektivtilbod, og i ein langstrakt Ryfylke er dette ei analyse vi deler.

Ryfast er viktig for busetting og næringsutvikling i Ryfylke. Den har blitt porten til regionen og bind fylket tettare saman. Bomtakstane må haldast på eit nivå slik at Ryfast blir eit viktig insitament for næringslivet og innbyggjarane i utviklinga av regionen. Det vil fremje utvikling og sikre trafikkgrunnet, gi inntening og vekst for regionen.

Den indre stamvegen gjennom Ryfylke (R13) må vera trygg utan far for ras, som t.d. i Rødslane. Vegen er livsnerva for dei som bur her og er ein viktig indre transportkorridor aust-vest og nord-sør. Ein trygg og sikker veg for vegfarande, skaper grunnlag for busetting og næringsutvikling.

Straum til næringslivet er i liten grad omtalt i rapporten. Ryfylke er ein av dei største kraftproduserande regionane i Noreg. Strategivurderingar gjennomført av Ryfylke IKS og New Kaupanag AS visar at den største varige konkurransefordelen regionen har lar seg med dagens ordningar ikkje realisera. Regionen har ei stor utfordring knytt til å levera straum til eksisterande næringsliv. Det må vera eit krav at aktørane i kraftmarknaden og styremaktene er med og byggjer ut kapasitet som gjer det mogleg å lokalisera kraftkrevjande næringar til Ryfylke.

Verdiskapinga i Ryfylke er stor. Spesielt innan m.a. energi, bergverk, prosessindustri, turisme og havbruk. Regionen vil leggja vekt på å kapra verdiane og få meir ut av dei lokalt. Innan energi er det ikkje full kapasitetsutnytting av råvara (konesjonskrafta). Å nytte denne til å vidareforedla andre naturressursar (t.d. stein) frå regionen, kan gi verdikaping ved til dømes bygging av havvindfundament - som det er lagt planar for.

Eit godt utbygd breiband bør vere like sjølv sagt som straum og gode vegar i distriktet vårt. Ei vidareføring av *Englands-kabelen* må realiserast, slik at heile Ryfylke får del i dei fortrinn denne vil gje. Det er eit avgjerande grep skal det leggjast til rette for avstandsuavhengige arbeidsplassar i distrikt som Ryfylke. Tida med Covid-19 har til fulle vist at Noreg går vidare sjølv om ikkje alle sit på kontora sine i bynære område.

Distriktsutvikling og desentralisering

Utflytting av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar må forserast. I løpet av dei seinare åra har fylke og stat trekt tilbake svært mange offentlege arbeidsplassar frå regionane. Arbeidsplassar som i dag ligger i sentrale strom. Flytting av statlege oppgåver frå fylkeskommune og stat er viktig for å gje eit større mangfald i arbeidsplasser for dei som vil bu i regionen. Det politiske fleirtalet i Rogland fylke har i den politiske plattformen si vedteke at nye oppgåver skal lokalisast *utanfor* Stavanger. Derfor må fylke og stat leggja ein plan for korleis fleire av oppgåvene deira kan leggjast til område som har spesielle demografiutfordringar. Det vil styrkje desse områda og minske m.a. press på infrastruktur og bustadmarknaden i sentrale strom

Bustadmarknad og bustadpolitikk

Norman-utvalet peikar på behovet for eit meir offensivt og variert bustadtilbod i distriktskommunane, som ofte er prega av einsarta, små, usikre og stagnerande bustadmarknader. Det er krevjande å venta at unge skal byggje kostbare bustader som kan vera vanskelege å omsetje utan tap. Det same gjeld eldre som treng betre tilrettelagte bustad for å vera uavhengig av hjelpetiltak inn i ein høg alder. Det er viktig å bidra til å møte endringar ved å organisera ein annleis og framtidsretta bustadsmarknad i regionen. Ein aktiv bustadpolitikk frå stat og kommune kan stimulera til nybygging og ein meir variert bustadmarknad. Husbanken har både aktuelle virkemiddel og eit distriktpolitisk oppdrag, og det er sentralt at desse vert nytta til å bøte på manglane i den lokale bustadmarknaden.

Arbeidsgjevaravgift

Sentralitetsnivået i Ryfylke viser låg score, jamfør tabell under. Eit viktig virkemiddel for å lokalisera næring utanfor sentrale strok er mellom anna nivået på arbeidsgjevaravgift. I dag er det liten skilnad på vekstområdet Nord-Jæren og Ryfylke. Å setja ned arbeidsavgifta ein klasse for kommunane i Ryfylke (inklusive gamle Forsand kommune) vil vera eit viktig bidrag. Eit anna forslag kan vere å la direkte skattar (t.d arbeidsgjevaravgift) opptent i den enkelte kommune gå til finansiering av konkrete prosjekt.

Sandnes	Strand	Hjelmeland	Suldal	Sauda
839*) (2)	636 (5)	311 (6)	325 (6)	599 (5)

*) Tidlegare Forsand kommune var rekna til kategori fem (648 i 2017)

Tabell 5.2. Sentralitetsklasser med verdier, antall kommuner, antall innbyggere, og andel av landets innbyggere (prosent). 1.1.2019 med kommunegrenser for 1.1.2020

Gruppe	Intervall	Antall kommuner	Antall innbyggere	Andel av innbyggere
Nivå 1: Mest sentrale kommuner	925-1000	6	1 009 699	19,0
Nivå 2: Nest-mest sentrale kommuner	870-924	19	1 348 012	25,3
Nivå 3: Mellomsentrale kommuner 1	775-869	51	1 353 488	25,4
Nivå 4: Mellomsentrale kommuner 2	670-774	71	877 755	16,5
Nivå 5: Nest -minst sentrale kommuner	565-669	96	501 064	9,4
Nivå 6: Minst sentrale kommuner	295-564	113	238 194	4,5

Kompetanse

	Sauda	Suldal	Hjelmeland	Strand
Utdanning grunnskule eller mindre *)	20,3	19,2	21,5	22,3
Utdanning - vidaregåande *)	39,7	38,4	37,1	32,9
Utdanning - høgskule/universitet *)	18,9	19,8	20,4	18,9

*) tal personer i prosent av befolkninga

Låg arbeidsløyse og høg arbeidsdeltaking fortel at regionen har eit stort innslag av uformell kompetanse. Vil du ha arbeid får du arbeid her. Det er nok og ein av grunnane til at personar som ikkje er fødte i Noreg, men som bur i regionen, utgjer over 14 prosent av folketallet i enkelte kommunar.

	Sauda	Suldal	Hjelmeland	Strand
Innvandrarar, prosent av folketallet	8,6	10,1	14,6	9,9
Arbeidsdeltaking innvandrar	62,3	71,1	70,1	65,0
Arbeidsdeltaking befolkninga	68,8	70,8	70,7	68,7

Ei gruppe som har høg arbeidsdeltaking (i nokre kommunar høgare enn om ein ser befolkninga under eitt), men låg formell kompetanse.

Ser me på utdanningsgraden mellom kjønna finn me at langt fleire kvinner har høgare utdanning (3-årig) enn menn. I Suldal kommune utgjer kvinner i denne gruppa 27 % mot menn 13 %. Fokuset for Ryfylke er derfor kompetanse som bidrag til ei sunn samfunnsutvikling. Formell kompetanse er avgjerande viktig for nyskaping og innovasjon.

Arbeidslivet sine behov må bli tydelege og den enkelte sine muligheiter og ynskje om å ta ei utdanning må løftast fram. Viss me skal klare ei omstilling, medrekna ei redusert avhengigheit av oljenæringa jamfør FN sine berekraftsmål, er Ryfylke avhengig av eit kompetanseløft med sikte på innovasjon. Ei viktig oppgåve framover blir derfor å formalisera utdanning, stimulera til *livslang læring* blant dei som alt bur i regionen. Det er avgjerande viktig for møte den kompetanseutfordringa regionen står overfor. På den måten kan folk i større grad stå i arbeid i eit livslangt perspektiv og bidra til samfunnsbygginga.

Det som forsterkar dette behovet er ei skeiv i befolkningssamansetting. Skal regionen erstatte dei mange som nærmar seg eit pensjonisttilvære, må kompetanseheving vere eit fokusområde. I fleire kommunar ser me at det er 25 prosent fleire i alderen 60 – 70 år mot dei som er 20 – 30 år.

	Sauda	Suldal	Hjelmeland	Strand
Kvinner i alderen 60 - 69	300	239	147	663
Kvinner i alderen 20 - 29	252	191	112	775
Menn i alderen 60 - 69	319	251	180	653
Menn i alderen 20 - 29	241	203	116	835

Kartleggingar i regionen (2017) viser at det er vilje til utdanne seg, men ni av ti forutset at utdanninga skal skje lokalt. Nettundervising kan bidra på vegen, men erfaringar fortel oss at det berre kan vera ein del av det tilbodet som skal til.

Utfordringa er å tenkja nytt og å gjera det saman. Gjennom MOR-prosjektet (Motivasjon opplæring og rettleiing) er Ryfylke i gang. Ei brei kompetanseheving til alle som bur i regionen, vil krevja eit breitt tverr-/fleirfagleg samarbeid og samvilje mellom ulike aktørar i

tilrettelegginga. I Sverige er det kommunane som eig og utviklar tilboda frå dei vidaregåande skulane. Kommunane og regionane i Noreg har langt mindre å seie.

Å styrkja næringslivet og kommunane si rolle i utviklinga av tilboda i dei regionale kompetansesentra våre bør formaliserast og utviklast. Dei vidaregåande skulane er store kompetansearbeidsplassar i Ryfylke med over 100 tilsette kvar. Eit tydelegare og forsterka samarbeid, der folkevalde og næringsliv er med, vil gje gjensidig nytte skule -arbeidsliv. Denne strategien må formaliserast og utprøvast.

Større lokal råderett over midlar som skal nyttast til livslang læring vil gje grunnlag for fleire fleksible og varierte opplærings- og utdanningstilbod til Ryfylke. Gjennom samproduksjon i regionen vil arbeidslivet og innbyggjarane vite kor ein skal etterspørje opplæringstilbod og rettleiing for slike på kort og lang sikt. Ein fragmentert tilnærming der ein ikkje arbeider saman vil gi regionen få og svake tilbod, slik Norman-utvalet og peikar på.

Inntektssystem med reelt handlingsrom

Kommunane har lang og god tradisjon for samarbeid på tvers av kommune- region – og fylkesgrenser. Det er viktig at regjeringa legg godt til rette for samarbeid som bidrar til gode og framtidsretta tenester. Dette kan leggjast til rette gjennom eit inntektssystem som gir reelt handlerom, slik rapporten også løftar fram. Ein stor del av dei frie midlane kommunane har i dag blir i realiteten ikkje frie, men bundne opp til øymerke tiltak. Ordningane med inntekts- og utgiftskorrigeringsordning i fordeling av dei frie inntektene gjennom inntektssystemet er avgjerande for å gi innbyggjarane i distriktskommuner gode tenester. Hvis mekanismane i dette systemet vert sett under press grunna mindre handlingsrom, vil mulighetene til å finansiere likeverdige velferdstenester lett forvitte. Ryfylke IKS vil peika på at ordningar for vertskommunar i interkommunale samarbeid er under press og må oppretthaldast. Dette må ivaretakast i samanheng med at inntektssystemet no skal evaluerast av inntektssystemutvalet.

Dei fleste Ryfylkekommunane har gitt frå seg store naturområde og ressursar frå desse til nasjonale behov for rein kraft. Dette er gjort gjennom varige kontraktar med storsamfunnet om årlege inntekter til regionen. Inntektene som kjem frå andre naturressursar, til dømes oppdrett av sjømat, må og koma lokalsamfunna til gode.

Den auka bygginga av fritidseigedommar og auka bruk av desse i helger og feriar fører til vekst i folketalet utan at det slår ut på folkeregistrert innbyggartal. Norman-utvalet meiner at dette viser eit ønske om å ta del i både by og distrikt sine gode. Utvalet sitt innspel om at inntektssystemet i større grad må tilpassast kor folket oppheld seg meir enn kor dei er folkeregistrert, er viktig for distrikta og Ryfylke si utvikling.

Konklusjon

Kommunane i Ryfylke IKS ser det som viktig å byggja sterkare og meir strukturerte regionale samarbeidsløysingar, slik Norman-utvalet peikar på i NOU 15:2020. Utfordringa blir å tenkja nytt og å gjera det saman, eit breitt tverr-/fleirfagleg samvirke mellom stat, fylkeskommune

og kommune. *Samskapingskommunen* innan fleire tenesteområde må baserast på lokale føresetnadar og behov.

Delegert mynde og regional innretning og større råderett over utviklingsmidlar gjer variasjon i tilnærmingmåte. Østerdalen og Ryfylke har ulike utfordringar. Det må stimulerast til at nye tiltak og ordningar i distriktpolitikken blir prøvd ut for å fremje tenesteutvikling og innovasjon i distrikta. Ryfylkekommunane er i så måte opne for dialog for å prøve ut nye og konkrete tiltak og ordningar.

For Ryfylke vil me spesielt trekkje fram desse områda:

- Ryfylke er ein stor kraftproduserande region i Noreg. Dette er den største varige konkurransefordelen regionen har, men som med dagens ordningar ikkje lar seg realisera. Det må vera eit krav at aktørane i kraftmarknaden og styremaktene er med og byggjer ut kapasitet som gjer det mogleg å lokalisera kraftkrevjande næringar til Ryfylke.
- Høg standard på stamvegen (RV 13) gjennom Ryfylke er viktig for å styrkje den regionale arbeidsmarknaden og som sentral transportkorridor for næringslivet. På same måte som at effekten av *Englandskabelen* må kome heile Ryfylke til del og ikkje berre vekstområdet på Nord-Jæren.
- Sikre fjordvegen som livsnerva i Ryfylke for næringsliv, pendlarar og skuleungdom.
- Livslang læring må stå sentralt i å styrkja distrikta si rolle. Gjennom MOR-prosjektet (Motivasjon opplæring og rettleiing) har regionen løfta saka fram. Utdanningsinstitusjonane har i dag eit uklart mandat på området fleksibel og desentralisert utdanning med eit livslangt perspektiv. Å la næringslivet og kommunane si rolle bli sterkare i styring og utvikling av dei regionale kompetansesentra våre må formaliserast og utviklast. Å løfte den formelle kompetansen hjå dei som bur her og å trygge arbeidslivet sine behov for kompetanse gjennom lokale løysingar blir viktig.
- Nedbygginga av fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i distrikta må leggjast om. Å skape faglege klynger og/eller at konkrete oppgåver blir lagt til og leia frå distrikta blir viktig for mangfaldet av arbeidsplasstilbod innan ein bu- og arbeidsregion. Tida med Covid-19 har til fulle vist at Noreg går vidare om ikkje alle sit på kontora sine i bynære område. Ryfylke er opne og klare for å dialog om pilot for distriktsnære statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar.
- Sentralitetsnivået i Ryfylke viser låg score. Ein viktig virkemiddel for å lokalisera arbeidsplassar utanfor sentrale strok er redusert arbeidsgjevaravgift. Å setja ned arbeidsavgifta ein klasse for kommunane i Ryfylke (inklusive gamle Forsand kommune) vil vera eit viktig bidrag i møte med vekstområdet på Nord-Jæren.

- Ein svakt fungerande bustadmarknad er ei stor utfordring. Husbanken må difor være ein aktiv samarbeidspart for distriktskommunar, og utvikle økonomiske virkemiddel, som rettar seg særleg mot distrikta sine utfordringar.